

Protokoll årsmøte i Folgefonn skyttarlag 2017

Måndag 4.12.2017 kl. 1900

Skytebanen på Aga

Frammøtte:

Jon Kråkevik, Steinar Nilsen, Per K Måkestad, Bjørg Astri Seljestad, Steinar Lund, Tor Magne Vikane, Oddgeir Kvestad, Svein Kvestad, Vidar Erdal, Bjarne Olav Instanes, Steinar Djønne, Jostein Førde, Lars Aga Reisæter

Ordstyrar vald av årsmøtet: Steinar Nilsen

Referent vald av årsmøtet: Steinar Lund

Fylgjande to personar blei vald av årsmøtet til å skriva under protokollen: Oddgeir Kvestad og Vidar Erdal

Merknadar til innkalling: Ingen. Det har kome eit innspel til om den gamle skytebanen på Aga. Grunneigar ynskjer opprydding. Styret vurderer at det ikkje er ei årsmøtesak.

Saksliste:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Årskontingent
4. Val
5. Eventuelt innkomne saker

1. Årsmelding

Referat:

Årsmeldingane blei lesne opp. Det var ingen merknadar til årsmeldingane.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldingane. Samrøystes.

2. Rekneskap

Referat:

Revisorane har gått gjennom rekneskapen, og har ingen merknadar.

UK O.k

Kasserar gjekk gjennom rekneskap, o g svarte på nokre spørsmål frå årsmøtet.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen. Samrøystes.

3. Årskontingent:

Framlegg frå styret:

Medlem vaksne, utan oppskyting: 300,-

Medlem vaksne, inkl. oppskyting: 600,-

Medlem ungdom u. 17 år: 200,-

Referat:

Vidar Erdal stilte spørsmålsteikn med om medlemskontingenten kunne differensierast ved at det var "dugnadsplikt" for medlemmene, og ein høgare medlemskontingent for dei som ikkje møter på dugnad. Det var delte meiningar på årsmøtet om dette er ei god løysing. Eit ankepunkt ved ei slik løysing er at det er vanskelig å administrere. Steinar Nilsen kommenterte at styret kan ta initiativ til å auka dugnadsiveren, men at årsmøtet ikkje kan vedta ei endra løysing her og no.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek samrøystes styret sitt framlegg til medlemskontingent:

Medlem vaksne, utan oppskyting: 300,-

Medlem vaksne, inkl. oppskyting: 600,-

Medlem ungdom u. 17 år: 200,-

4. Val

Framlegg frå valnemnda:

Leiar: Bente Bjotveit (1 år)

Styremedlem: Tor Hesthamar (2 år)

Styremedlem: Tor Magne Vikane (2 år)

Styremedlem: Jon Kråkevik (1 år)

OE 0.4

Varamedlem: Anita Måge (2 år)

Revisor: Jostein Førde (1 år)

Revisor: Steinar Djønne (1 år)

Valnemnd: Steinar Lund (2 år)

Banenemnd: Håvard Aga (1 år)

Banenemnd: Ivar Kjoberg (1 år)

Banenemnd: Asbjørn Nå (1 år)

Referat:

Benkeforslag frå Steinar Nilsen om valnemnd: Steinar Langesæter (2 år) i staden for Steinar Lund.

Årsmøtet slutta seg til dette, og vedtok valnemnda sitt forslag

Vedtak:

Tililtsvalde i 2018 er etter valet slik (valperiode i parantes):

Leiar: Bente Bjotveit (1 år)

Ungdomsleiar: Bjørg Astri Seljestad (1 år)

Styremedlem: Tor Hesthamar (2 år)

Styremedlem: Tor Magne Vikane (2 år)

Styremedlem: Jon Kråkevik (1 år)

Varamedlem: Dag Åkre (1 år)

Varamedlem: Anita Måge (2 år)

Revisor: Jostein Førde (1 år)

Revisor: Steinar Djønne (1 år)

Valnemnd: Terje Storhei (1 år)

Valnemnd: Steinar Langesæter (2 år)

Banemend: Håvard Aga (1 år)

Banemend: Ivar Kjoberg (1 år)

 O.k

Banenemnd: Asbjørn Nå (1 år)

Kasserar og leiar blir gitt tilgang til bankkontoane.

Samrøystes vedteke.

5. Val av deltakarar til ombodsmøtet i Hardanger og Voss skyttarsamlag

Folgefonn skyttarlag kan stilla med inntil fire ombodsmenn.

Årsmøtet vel fyljande ombodsmenn:

Per K Måkestad og Bjørg Astri Seljestad.

Viss det er to fleire som vil stilla kan to til delta. Bjørg Astri Seljestad administrerer dette.

Agu 04.12.2012

Villan Enck
Oddgeir Kvestad

Uz O.K